

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd

2016/EØS/64/18

av 9. februar 2012

om godkjenning av Uruguay i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/106/EF med omsyn til systema for opplæring og sertifisering av sjøfolk

[meld under nummeret K(2012) 619]

(2012/76/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/106/EF av 19. november 2008 om minstekrav til sjøfolks opplæringsnivå⁽¹⁾, særleg artikkel 19 nr. 3 første leddet,

med tilvising til oppmodinga frå Spania av 14. februar 2006, og ut frå desse synsmåtene:

- 1) I samsvar med direktiv 2008/106/EF kan medlemsstatane ta ei avgjerd om å godkjenne dei sertifikata som tredjestatar har utferda til sjøfolk, på det vilkåret at Kommisjonen har godkjent den aktuelle tredjestaten. Desse tredjestatane må oppfylle alle krava i konvensjonen til Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen (IMO) om normer for opplæring, sertifikat og vakthald for sjøfolk (1978), i revidert utgåve av 1995 (STCW-konvensjonen)⁽²⁾.
- 2) Spania sende inn oppmodinga om godkjenning av Uruguay ved brev av 14. februar 2006. Som følge av denne oppmodinga har Kommisjonen vurdert systemet for opplæring og sertifisering i Uruguay med sikte på å kontrollere om denne staten oppfylle alle krava i STCW-konvensjonen og om det er gjort tilfredsstillande tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat. Denne vurderinga vart gjord på grunnlag av ein inspeksjon som sakkunnige frå Det europeiske sjøtryggleiksbyrået utførte i juni 2007. Under den inspeksjonen vart det oppdaga visse manglar i opplærings- og sertifiseringssystema.
- 3) Kommisjonen la fram for medlemsstatane ein rapport om resultatane av vurderinga.
- 4) Ved brev av 16. februar 2009 og 8. desember 2010 oppmoda Kommisjonen Uruguay om å leggje fram prov på at dei manglane som vart oppdaga, er vortne retta opp.
- 5) Ved brev av 30. april 2009 og 18. mars 2011 la Uruguay fram dei opplysningane og prova som det vart bede om

med omsyn til gjennomføringa av høvelege og tilstrekkelege korrigerande tiltak for å rette opp dei fleste av dei manglane som vart oppdaga under vurderinga av samsvaret.

- 6) To manglar står att. Den første gjeld det faktumet at kvalitetsstandardsystemet ikkje omfattar visse delar av forvaltinga, som til dømes godkjenning av opplæringsprogram. Den andre mangelen gjeld formatet til sertifikata. Uruguay er difor vorte oppmoda om å gjennomføre fleire korrigerande tiltak på desse områda. Desse manglane gjev likevel ikkje grunn til å tvile på at Uruguay generelt oppfyller krava i STCW-konvensjonen med omsyn til opplæring og sertifisering av sjøfolk.
- 7) Resultatet av vurderinga av samsvaret og vurderinga av opplysningane som Uruguay har lagt fram, viser at Uruguay oppfyller dei relevante krava i STCW-konvensjonen og har gjort høvelege tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for sjøtryggleik og hindring av ureining frå skip —

TEKE DENNE avgjERDA:

Artikkel 1

For føremåla med artikkel 19 i direktiv 2008/106/EF er Uruguay godkjend med omsyn til systema for opplæring og sertifisering av sjøfolk.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 9. februar 2012.

For Kommisjonen

Siim KALLAS

Visepresident

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 38 av 11.2.2012, s. 46, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 132/2012 av 13. juli 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 63 av 8.11.2012, s. 13.

(¹) TEU L 323 av 3.12.2008, s. 33.

(²) Vedteken av Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen.